

KVA ER FLYKTNINGDEFINISJONEN?

Flyktningar vert definert i FNs flyktningkonvensjon artikkel 1 A som «ein kvar person som er utanfor det landet han er borgar av på grunn av velgrunna frykt for å bli forfølgd på grunn av rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller tilhøyrse til ei spesiell sosial gruppe».

KVA ER DEMOKRATI?

Generelt betyr demokrati at innbyggjarar deltek aktivt i viktige politiske vedtaksprosessar og har like rettar til å delta.

KVA ER MEDBORGARSKAP?

Ein tilstand der ein person vert rekna og med rette kan rekne seg som eit fullverdig medlem av samfunnet. Utanforskap eller marginalisering kan brukast som antonym (det motsette) til medborgarskap.

KVA LEGG VI I OMGREPET MAKT?

Makt er evna ein aktør har til å få det hen ønskjer, og spesielt til å få andre til å gjere noko dei elles ikkje ville gjort. Aktørar kan vere individ, grupper, organisasjonar eller statar. Mangel på slik evne blir kalla avmakt. Makt finst i alle delar av samfunnet og på ulike nivå.

KVA LEGG VI DÅ I OMGREPET DEFINISJONSMAKT?

Kunnskap eller språklege evner kan vere former for makt. Dei kan gjere det lettare å få gjennomslag for eigne interesser. Den som er flinkast til å uttrykkje seg, kan få definisjonsmakt. Det vil seie at hen bestemmer korleis «røynda» ser ut, og korleis noko skal oppfattast.